



Kjære lokallagsstyre
– sendt til leiar og nestleiar

Lokallagsbrev juli 2010

Vår saksbehandler
Gunnar K. Wentzel/Arild Erlien/Atle Frantzen
71 20 28 90

Vår dato
2. juli 2010
Deres dato

Vår referanse
Deres referanse

Fristar:

1. okt Melding årsmøtedato
31. okt Lokallagsårsmøte frist

Takk for kjempeinnsats i lokallaga i framkant av jordbruksforhandlingane !

Vi fikk ei jordbruksavtale som betyr at ein mjølkeprodusent på Vestlandet kan få ein inntektsvekst på over 20.000 kroner pr årsverk. Mjølkepris til bonde kan aukast 13 øre, lam med kr 1,40 og egg 70 øre frå 1. juli. Driftstillegg mjølk er opp kr 11.200 og no likt i heile Sør-Norge ved at Oslofjord-tillegget er utjamna! Auka tilskot til husdyr, beiting, avløysar og frakt, og arealtillegg grovfôr høg sats opp til 250 dekar – alt som følgje av at avtaleposten på statsbudsjettet auka med 375 mill kr. Dette er meir enn vi kunne frykte slik stats- og finansminister har uttalt seg om budsjettmidlar generelt siste året. Vi fikk gjennom prosenttoll for drikkemjølkk slik at det kan bli lettare å auke mjølkeprisen framover. Prisutjamninga på mjølkeprodukt gjer at konsummjølka nok vil gå opp meir enn ost. Meir om vår oppsummering i sak 36 styremøte 10. juni.

Vestlandet sitt krav om nasjonal føring på tilskot til Bratt areal under Regionalt miljøprogram (RMP) kom inn att. Ved den eigne søknadsrunden på RMP no i august blir det difor igjen høve til å søkje på Bratt. Ordninga med ramme for særskild utvalde landskap i kommunane fell då bort.

Årsmøtet i Norges Bondelag vart svært positivt med ein offensiv leiing og vilje til fri debatt om fordeling og strategi. Stortingsmeldinga må ha mål om auka norsk matproduksjon og utan fossil brensel innan 2030. Ein godt førebudd og engasjert statsministeren takka bøndene for innsatsen, inviterte til dialog og samarbeid basert på felles verdiar hos arbeidar- og bonderørsla. Fagleg sterk landbruksminister. Meir om dette på heimesida vår - 25.juni.

Lokallagsårsmøter – så tidleg som muleg og innan 31. oktober

- melding om årsmøtedato innan 1. okt

Vår oppmoding er å halde årsmøtet så tidleg som mogleg i haust, gjerne i september og oktober, og i god tid før Leiar møtet, slik at evt ny leiar får høve til å delta på Leiar møtet 12. – 13. nov.

Fylkeslaget vil setje ein frist til 1. Oktober for lokallaga til å fastsetje og melde frå til fylkeskontoret om tid og stad for årsmøtet, og om kven ein eventuelt ønskjer besøk av.

Når lokallag held årsmøte for seint, får det følgjer for andre aktivitetar. Fylkeslaget eller Norges Bondelag står til rådvelde for å delta på årsmøte eller andre møter og helst når det er spesielle tema ein vil ta opp. Liste over idear til tema og innleiarar på årsmøte/temamøte i lokallaga vert sendt ut i haust. Valnemnda i laget bør prøve å få minst ein tredel kvinner.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mobil/SMS:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63. Molde	71 20 28 90	907 29 582	More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Leiarmøtet og kurs for heile styra i lokallaga Molde fredag 12. og laurdag 13. november 2010 på Hotell Alexandra i Molde - MERK DATO

Også til årets Leiarmøtet **inviterer vi heile styret i lokallaga!** Lokale tillitsvalde kan **melde seg på ein eller to dagar**. Fredag blir det fleire temakurs, m.a. for nye tillitsvalde. Laurdag blir det meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle.

Den norske Matfestivalen blir halde i Ålesund 25. - 29. august

Fylkeslaget har i år ikkje eige arrangement, men planlegg å ha stand alle dagar, betjent av fylkesstyremedlemmer og tilsette ved kontoret. Programmet for Matfestivalen ligg på www.matfestivalen.no

Internasjonal konferanse om regionalpolitikk – EU-konferansen 2010 fredag 24. kl 17.00 til laurdag 25. september på Seilet Molde

Nei til EU arrangerer i år igjen denne i samarbeid med bl a M&R Bondelag. Fylkeslaget har fått så gode tilbakemeldingar frå våre folk som har delteke at vi også i år vil dekkje dei direkte kostnadene til opphald på konferansen for styremedlemmer i lokale Bondelag. Konferansen er stadig sponsa av Utanriksdepartementet. Påmelding kan gå via Bondelagskontoret. Program seinare.

Temadag om eigarskifte

Som følge av sjukdom i familien til vår samarbeidsadvokat er kursdagen i vår utsett, men vi har von om å få til dette i haust.

Fylkes- og lokallaga komande år prioritere satsing på: Rekruttering. Likestilling. Kompetanse

Vi søkte og fekk kr 400.000 av midlane frå LMD formidla via fylkeskommunen til målretta arbeid med desse sakene i samsvar med innstilling og vedtak i sak 9 på fylkesårsmøtet! **Vi vil difor oppmode lokallaga om å ta tema – Rekruttering – Likestilling – Kompetanse – spesielt inn i dykkar vanlege arbeid framover, slik vi vil gjere.** Vi vil gjerne samarbeide om tiltak og evt finansiering. Under kompetanse ønskjer vi satsing på faglege kurs. Vi vil arbeide for rekruttering til Gjermundnes, og prøve å få ei kortare supplerande utdanning som agronom der. Tusen takk til leiar i Rauma, Anders Øverbø, sin sterke innsats for arbeid med rekruttering som gir oss tru på at dette skal vi få til!

Bruk sommaren til å ta nye bileter til kommunebrosjyrene

Møre og Romsdal Bondelag er som omtala ovanfor tildelt midlar frå fylkeskommunen for å gjennomføre tiltak og aktivitetar for rekruttering, kompetanse og likestilling i landbruket i Møre og Romsdal. (Jfr styresak 41/2010 møte 10. juni.

Eit tiltak i fylkesbondelaget si handlingsplan er informasjonsmateriell om landbruket i fylket og i dei 36 kommunane. Følgjande arbeid skal m.a. gjerast

- Kommunebrosjyra vil bli fornya med nye bilete.
- I kommunebrosjyra vil vi presentere ein eller to unge bønder i kommunen.
- Fylkeskontoret tek gjerne mot **tips på aktuelle namn på unge nye bønder i din kommune.**
- Vi **oppfordrar alle tillitsvalde til å ta aktuelle bilete om og frå landbruket i eigen kommune** no i sommar, som kan brukast i kommunebrosjyren og bondelagets biletarkiv.

På eige vedlagt ark i farger finn du meir omtale av omlegginga av kommunebrosjyra og døme på type bileter vi ønsker frå alle kommunar i Møre og Romsdal

Vår dato
2010-07-02

Vår referanse

Medlemsverving: 71 nye medlemmer sidan nyttår!

Medlemsverving bør vere tema på alle styremøte. Noregs Bondelag prioriterer arbeidet med verving og medlemskontakt m.a. med premiering til laget på kr 200 pr nytt medlem. Vi har stort medlemspotensiale – berre i overkant 50 prosent av alle bønder i M&R er medlemmer i Bondelaget, men med over 80% i nokre av våre lag !

Vedlagt medlemsutviklinga frå 1. januar til 1. juli 2010.

Fylkeskontoret sender i september, i god tid før årsmøta i lokallaga, ut medlemslistene og inn- og utmeldingar hittil i år til alle lokallag. Bruk desse listene for planmessig vervearbeid utover hausten.

ARRANGØRAR AV OPEN GARD I MØRE OG ROMSDAL I 2010

Tusen takk til arrangørlaga og vertskap slik at vi igjen har fått ei god geografisk fordeling av denne Bondelaget sin viktigaste dørøpnar ut til samfunnet!

Fylkeslaget sin representant vil i år delta med eigen ministand med stol og bord og info-materiell.

DATO		ARRANGØR	VERTSKAP	STAD	Repr. frå styret
22. aug	Søndag	Fræna BL	Elling og Sylvi Ann Kvammen	Elnesvågen	Hans Frafjord
22. aug	Søndag	Surnadal BL	Solveig Haugland/Martin Gausen,	Oppistua Øye, Surnadal	Anne K. Jensen
22. aug	Søndag	Sykkylven BL	Aure Samdrift v/Olav Asbjørnsen	Sunnalssetra	Inge M.Karlsvik
28. aug	Laurdag	Ørsta BL	Vassenden samdrift	Åmdal	Audun Skjervøy
5. sept	Søndag	Eidsdal og Norddal BL	Eidsdal Samdrift v/Jan Trygve Veiberg	Eidsdal	Birgit O.Kjerstad

Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes –3. - 5. september

Kort-seminar om den spanande utviklinga som skjer fagleg og næringspolitisk innan våre omsetnadsorganisasjonar fredag 3. September – arrangert av Gjemnes Bondelag.

Følg med på heimesida: www.dyregod-dagane.no for programmet som blir lagt ut seinare.

Dyregod-dagane i fjor var ei flott nyskaping i regionen - messe for landbruk og bygdenæringar i Midt-Norge.

M&R Bondelag er påmeldt med stand, der det deltek ein frå fylkesstyret og ein frå fylkeskontoret alle dagar.

Foran jordbruksforhandlingane 2009 – Rapportering av studiearbeid

Vi minnar om at lokallaga har fått tilsendt søknadsskjema, deltakar-/frammøteliste og materiellkvittering i samband med at studiehefta vart utsend til alle lokallag. Det er viktig for Norges Bondelag at alt som kan registrerast som kursaktivitet i samband med gjennomgangen av hefta vert innrapportert. Vi minnar difor om at alle som har hatt aktivitet som kan rapporterast som kurs-/studieaktivitet sender inn nemnte skjema så raskt som muleg. Kravet er minimum 12 timar og 5 deltakarar, inkludert møter eller liknande som er gjennomført i samband med gjennomgangen av studieheftet og utarbeiding av svar/kommentarar til spørsmål.

Det tilskotet som Norges Bondelag får berre på kursa på jordbruksavtala fleire hundre tusen kvart år og bidreg til å redusere behovet for bruk av kontingentpengar til produksjon og distribusjon av studiehefta foran jordbruksforhandlingane. Så takk til de som har hatt studiering.

Følg med på heimesida: www.bondelaget.no/moreogromsdal/

Vedlagt kopi av forsida av heimesida pr. 1. Juli. Alle pressemeldingar, andre meldingar og info med bileter frå aktivitetar vert fortløpande lagt ut her. **Ber alle merke seg den nye mappa "Presseklipp frå media/aviser i M&R".**

Kokeboka "Den gode smaken" – kampanjepris kr. 298,-

Bygdekvinnelaget si kokebok "Den gode smaken" er no å få til **kampanjepris kr. 298,-** (Ordinær pris er kr. 398,-). Det var hausten 2009 at M&R Bygdekvinnelag fekk trykt opp nytt opplag utvida utgåve av boka, etter at det første opplaget på 4.000 eksemplar forsvann fort for fem-seks år sidan.

I boka på halvannen kilo med oppskrifter finn du dei gamle, gode og tradisjonsrike oppskriftene frå Møre og Romsdal. Ypperleg som gavebok i mange samanhengar!

Boka er tilsals m.a. på Bondelagskontoret i Molde – send e-post eller ring tlf. 71 20 28 90 og bestill boka no!!

**DEN GODE
SMAKEN**

Om bygdekvinner,
mat og matkultur
frå Møre og Romsdal

2. utgåve

**Fellesferie fylkeskontoret mandag 5. juli t.o.m. fredag 30. Juli**

Organisasjonssjefen Gunnar er som før på tlf 907 29 582.

Fylkeskontoret har ikkje lenger telefax.

Andre vedlegg:

- ✓ Protokoll med bilete frå fylkesårsmøtet i Molde 12.-13. mars
- ✓ Protokoll frå styremøta 19. mars og 10. juni
- ✓ Fylkesstyret si uttale til jordbruks-forhandlingane 2010 (utdelt på fylkesårsmøtet)
- ✓ Liste over tillitsvalde i fylkeslaget og leiarar i lokallaga pr. 1. juli 2010
- ✓ Pressemelding og bilete frå M&R Bondelag frå årsmøtet i Norges Bondelag

Vi ønskjer dykk og familien god sommar og vel møtt til nye samlingar!

Med vennleg helsing

*Inge Martin Karlsvik (leiar) Birgit Oline Kjerstad (nestleiar)
Anne Katrine Jensen Hans Frafjord Audun Skjervøy Arne Rekkedal (1. vara)*

*Anne Turid Myrbostad (sekr) Atle Frantzen (org kons)
Arild Erlien (org kons) Gunnar K. Wentzel (org sjef)*

Medlemsutvikling
1. januar – 1.juli 2010

Møre og Romsdal
Bondelag

	Antall pr. 01.01.2010	Antall pr. 01.07.2010	Utmeldte	Døde	Stopp ubetalt	Nye
15 Møre Og Romsdal Bondelag						
8150201 Molde Bondelag	113	111	4	1	1	2
8151101 Vanylven Og Syvde Bondelag	73	73	3	0	1	3
8151105 Rovde Bondelag	25	25	0	0	0	0
8151401 Sande Bondelag	24	23	1	0	0	0
8151501 Vestre Sunnmøre Bondelag	84	84	2	0	1	2
8151901 Volda Og Dalsfjord Bondelag	55	55	1	0	0	1
8151903 Austefjorden Bondelag	45	45	1	0	1	1
8151905 Bjørkedal Og Kilsfjord Bondela	8	8	0	0	0	0
8152001 Ørsta Bondelag	86	84	2	0	1	0
8152002 Follestadal Bondelag	22	23	0	0	0	1
8152005 Hjørundfjord Bondelag	65	64	1	0	0	0
8152006 Skjåstaddalen Bondelag	30	29	1	0	0	0
8152301 Ørskog Bondelag	37	38	0	0	0	1
8152401 Eidsdal/Norddal Bondelag	46	44	3	0	0	1
8152402 Valldal Bondelag	66	63	4	1	1	1
8152501 Stranda Bondelag	54	53	1	0	0	0
8152502 Sunnlyven Bondelag	69	67	3	0	0	1
8152503 Geiranger Bondelag	8	8	0	0	0	0
8152504 Liabygda Bondelag	20	20	0	0	0	0
8152601 Stordal Bondelag	31	29	3	1	0	1
8152801 Sykkylven Bondelag	103	101	5	0	2	3
8152901 Skodje Bondelag	47	50	3	0	1	6
8153201 Giske Bondelag	57	52	7	0	3	2
8153401 Hildre Og Vatne Bondelag	38	36	2	0	2	0
8153406 Ytre Haram Bondelag	38	38	1	0	1	1
8153501 Vestnes Bondelag	128	127	4	1	1	3
8153907 Rauma Bondelag	168	167	6	1	2	5
8154301 Nesset Bondelag	90	88	3	0	2	1
8154501 Midsund Bondelag	28	27	1	0	0	0
8154601 Harøy-Fjørtoft Bondelag	20	19	1	0	0	0
8154701 Gossen Bondelag	48	47	1	0	0	0
8154801 Fræna Bondelag	144	141	6	1	0	3
8154802 Hustad Bondelag	102	95	8	1	2	1
8155101 Eide Bondelag	72	74	3	0	0	5
8155403 Averøy Bondelag	153	148	7	2	1	2
8155601 Frei Bondelag	18	18	1	0	1	1
8155701 Gjemnes Bondelag	173	169	8	0	0	4
8156001 Tingvoll Bondelag	93	90	3	0	1	0
8156002 Straumsnes Bondelag	74	73	2	0	2	1
8156301 Sunndal Bondelag	90	80	10	0	2	0
8156303 Øksendal Bondelag	32	30	2	0	2	0
8156304 Ålvundeid Bondelag	41	37	4	0	2	0
8156305 Ålvundfjord Bondelag	23	22	1	0	0	0
8156601 Surnadal Bondelag	186	187	4	0	0	5
8156602 Todalen Bondelag	34	33	1	0	0	0
8156701 Rindal Bondelag	192	196	4	0	0	8
8156901 Aure og Tustna Bondelag	124	126	1	0	1	3
8157101 Halså Og Valsøyfjord Bondelag	78	77	2	0	1	1
8157301 Smøla Bondelag	68	66	3	0	0	1
8159901 Direkte Medlem Av Fylkeslaget	3	3	0	0	0	0
Totalt	3 426	3 363	134	9	35	71

Møre og Romsdal - Bondelaget - Windows Internet Explorer

http://www.bondelaget.no/moreogromsdal/

Møre og Romsdal - Bondelaget

NORGES BONDELAG

Heltidstjenester | Nettstedskart | Ledige stillinger

SØK

Om Bondelaget | Medlemskap | Våre tjenester | Tema A-Å | Spørsmål og svar | Pressesenter | Jus og skatt | Kontakt oss

Du er her: [Fylkesnet](#) > [Om Bondelaget](#) > [Arbeide](#) > [Møre og Romsdal](#) [Skriv ut](#)

Kontakt Møre og Romsdal Bondelag på tlf. 71202890 / more-romsdal@bondelaget.no

Møre og Romsdal Bondelag

Ap-bonde rasar mot regjeringa: - På polakklønn

[28.06.2010] - Eg arbeider 4000 timar i året, det dobbelte av ein industriarbeidar. Det tilsier ei timeløn på åttí kroner. Så lav inntekt er ulovleg i Norge, i alle fall for alle andre enn oss bondene. Hadde eg vore polsk innvandrar, vtle arbeidsgjeveren min ha blitt bura inne, seler mjølke- og avlsgrispresident, Ap-mann og leiar i Ørsta Bondelag, Geir Hole, i eit intervju med Sunnmørsposten.

[Les mer](#)

Bondetinget: - Ser resultat lokalt

[25.06.2010] - Vi tek til å merke resultat i lokalpolitikken av Norges Bondelag sin langvarige arbeid med kommunikasjon i samfunnet, så årsmøteutsending Hans Frafjord. Det har fort til større engasjement for næringa. Frafjord roste organisasjonen for å prioritere den målretta innsatsen siste året og som no kom så godt fram i den nye utforminga av årsmeldinga.

[Les mer](#)

Hvor går norsk landbruk

[24.06.2010] - Utvikling og fordeling i norsk landbruk er ikke slik leder Bjørn Gimming i Østfold Bondelag igjen forsøker å gi inntrykk. Det er ønskelig at situasjonen og utviklinga blir beskrevet slik den faktisk er, skriver fylkesleder i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik (bildet), i et leserinnlegg.

[Les mer](#)

Bondenytt fra fylkene

Forslag om prioriterte arter 30.06.2010
Hedmark Bondelag ber om at kvotesystemet for mjølk samt jordleieproblematikken tas opp til drøfting. 30.06.2010
Enklere å varsle Mattilsynet 30.06.2010

Presseklipp

Klaer Nortura inn for konkurransepolitisk 30.06.2010
Mordarsnigelen drep husdyr 30.06.2010
Nå skjønner vi at melke ikke kommer fra kjøleskapet 30.06.2010

Samvirkenyheter

Tornado raserte skog 28.06.2010
Etterlyser 20 000 plastbasser 28.06.2010
Nortura SA refinansierer banklån 28.06.2010
Samvirkenyheter

Nå får du medlemskort!

LANDKREDIT Bank

M&R Bondelag sluttar seg til nye RMP-forskrifter

[22.06.2010] Styret i Møre og Romsdal Bondelag sluttar seg til dei nye forskriftene for Regionalt miljøprogram (RMP) for Møre og Romsdal. I alt hovudsak er forskrifta den same som i 2009, men som ei følge av jordbruksoppgjøret har fylkesmannen teke ut fjorårets ordning i § 7 "Tilskot til skjøtsel av verdifulle kulturlandskap", og gjeninnført ordninga "Tilskot til drift av bratt areal".

[Les mer](#)

Det midtnorske landbruket etterspør ny forskning

[21.06.2010] - Det er et stort potensial for forskningsbasert næringsutvikling i landbruket, men det avhenger av at forskningsresultatene oppleves som relevante og blir tatt i bruk i næringa. For å sikre at dette skjer er det viktig at næringa selv spiller ei aktiv rolle under utviklingen og gjennomføringen av forskningsprosjektene, sier prosjektleder Øyvind Mejde Jakobsen (bildet) i Oil Trøndersk Mat og Drikke AS.

[Les mer](#)

Må få nye målretta tiltak for Vestlands-jordbruket

[18.06.2010] - Vestlandet har ikkje blitt prioritert med nokre særskilde tiltak i den vedteke avtala, seier styret i Møre og Romsdal Bondelag i si oppsummering av jordbruksforhandlingane 2010. Styret meiner stadig større del av matproduksjonen blir konsentrert i dei beste jordbruksområda i landet. Dette trugar viktige nasjonale mål om matproduksjon over heile landet og Vestlandsfylka sin spesielle verdi for nasjonal identitet og reiseliv.

[Les mer](#)

Bønder og fiskere på fylkestinget

[18.06.2010] Med 4600 medlemmer i ryggen møtte Inge Martin Karlsvik fra Bondelaget og Ole Morten Sorthe fra Fiskarlaget fylkestinget for å

Månedens aktiviteter

*** Presseklipp fra media/aviser i M&R

*** Protokoll fra fylkesårsmøtet 12.-13. mars 2010

*** Årsmøteval i lokallaga 2009/2010

*** Aktuelle kurstilbud i M&R Bondelag

ARMELDING 2009

ARMELDING 2009 M&R BONDELAG

NYHETS BREV

Namn

E-post

Meld på Meld av

Hvor ofte ønskes nyhetsbrevet tilsendt?

NY →

*** Presseklipp fra media/aviser i M&R

NY

Bondetinget:

- Ser resultat lokalt

- Vi tek til å merke resultat i lokalpolitikken av Norges Bondelag sin langvarige arbeid med kommunikasjon i samfunnet, sa årsmøteutsending Hans Frafjord. Det har ført til større engasjement for næringa. Frafjord roste organisasjonen for å prioritere den målretta innsatsen siste året og som no kom så godt fram i den nye utforminga av årsmeldinga.

Framtidig landbruksspolitikk

Landbruksminister Lars Peder Brekk (t.v.), og hans statssekretær, rindalingen Ola T Heggem, var tilstade under mykje av drøftingane.



Nestleiar Birgit Kjerstad sa i debatten rundt innspel til den nye stortingsmeldinga at vi må møte utfordringa offensivt og godt førebudde. Den dagen oljen ikkje lenger strøymer opp frå grunnen under oss, når grunnvatn, fosfortilgang og klimaet for alvor tek til å utfordre kloden, skal landbruket likevel fø verda. - Det er eit stort paradoks at det mildt sagt blinkar mange raude varsellampar for landbruket i mange bygder, ikkje minst på Vestlandet. Heile bygdelag har meir eller mindre lagt ned drifta. Men nesten ingen bruk vert selde. Tidlegare bønder går fort frå jorddyrkar til eigedomsutviklar. Eg synest å registrere fleire og fleire tydeleg slitne bønder, og det bekymrar meg.

- Vi må vurdere grundig arbeidsmåtene våre i organisasjonen. Politikarane utfordrar oss på å prioritere, vere tydelege og konkrete. Vi i Møre og Romsdal meiner vi må definere og prioritere mål tidlegare og tydelegare lenge før vi overleverer kravet til jordbruksoppgjere, var budskapet frå nestleiar i fylkeslaget, Birgit Oline Kjerstad. Uttalar frå leiinga i Bondelaget under årsmøtet tyder på at denne arbeidsmåten vil bli sett i verk til hausten. Fylkeslaget har nytta denne arbeidsmåten siste året med å fremme felles krav frå Vestlandet.

Fullt fokus betre vilkåra for fjord- og fjellbygdene

Inge Martin Karlsvik peika i generaldebatten på at det ikkje blei eit einaste målretta tiltak spesielt overfor Vestlandslandbruket, trass i slikt krav frå faglaga i jordbruksforhandlingane. Investeringsiltaket skulle vere målretta overfor område med spesielle utfordringar.



Mørebenken på årsmøtet i Norges Bondelag på Lillehammer. Frå v leiar Inge Martin Karlsvik, nestleiar Birgit Kjerstad, årsmøteordstyrar Odd Christian Stenerud, Anne Katrine Jensen frå Gjemnes, Janne Mork, Averøy, Gunnbjørg Trondsen, Fræna og Hans Frafjord, Vestnes. Foto: org.sjef Gunnar Wentzel.

I andre innlegg i samband med årsmøtet tok fylkesleiaren også opp heile utviklingslina for landbruket på Vestlandet, og der landbruket på Møre har opplevd størst tilbakegang for ein rekke faktorar. Dette viser faktisk statistikk, trass i at det biletet vi ser i stadig fleire kommunar i fylket er ei utruleg satsingsvilje ofte i forkant av eller etter eit generasjonsskifte. (Jfr heimesida 24.6. og 17.6.)

Statsminister Jens Stoltenberg sa at bøndene fortener ei god inntekt, og forklarte at den raudgrøne regjeringa gjennom sin periode faktisk har løfta næringa i kroner meir enn andre grupper. Det var ein vel førebudd statsminister som sjarmerte årsmøtet med sine talegåver og nyvunne forståing for fotosyntesen.

- Eg har kome hit for å takke bøndene for innsatsen i næringa som har store ringverknader og ikkje minst i delar av landet som ofte har lite anna sysselsetting. Eg har kome for å takke for fellesskapet rundt verdjar vi har felles, som samvirke og politisk styring av marknadskreftene. Og eg har kome for å skryte av regjeringa sin innsats for landbruket!

Statsministeren ønskte dialog med næringa også utanom jordbruksforhandlingane. Landbruket er eit viktig virkemiddel mot klimaendringar og utfordringar i sysselsettinga, sa statsministeren.



Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk (t.v.), statsminister Jens Stoltenberg og leiar i Norges Bondelag, Nils Bjørke.